



## Aukra kommune

Arkivsak: 2017/501-21  
Arkiv: L12  
Saksbeh: Bjørge Stavik  
Dato: 20.09.2018

### Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
30/18	Drift og arealutvalet	26.09.2018
72/18	Kommunestyret	09.10.2018

### Reguleringsplan Nyhamna gassanlegg - Ny Eigengodkjenning grunna ugyldig vedtak i sak 37/18

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-14, og godkjenner reguleringsplan for Nyhamna, slik det går fram av plankart og tilhøyrande føresegner sist revidert 13.09.2018. Samstundes vil kommunestyret ved sluttgodkjenning av planforslaget vedta å oppheve fylgjande eksisterande reguleringsplanar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14: 1547200404\_Reguleringsplan Ormen Lange gassbehandlingsanlegg (vedteken 31.03.2004), og 1547200808\_Reguleringsplan Ormen Lange forlegn. og admomr., mindre vesentlege endringar 01 (vedteken 01.10.2008). Reguleringsplanane som vert oppheva får reguleringsføremål og føresegnene vidareført i det nye planforslaget slik at ein får ein samla plan for heile området.

#### Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 26.09.2018

##### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

##### Innstilling frå drift- og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

#### Saksprotokoll i Kommunestyret - 09.10.2018

##### Behandling

Skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 05.10.18 vart lagt fram på møtet: Reguleringsplan Nyhamna (17/3231). Trekking av motsegn

Innstillinga frå drift og arealutvalet vart samrøystes vedtatt

## Vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12-14, og godkjenner reguleringsplan for Nyhamna, slik det går fram av plankart og tilhøyrande føresegner sist revidert 13.09.2018. Samstundes vil kommunestyret ved sluttgodkjenning av planforslaget vedta å oppheve følgjande eksisterande reguleringsplanar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14: 1547200404\_Reguleringsplan Ormen Lange gassbehandlingsanlegg (vedteken 31.03.2004), og 1547200808\_Reguleringsplan Ormen Lange forlegn. og admomr., mindre vesentlege endringar 01 (vedteken 01.10.2008). Reguleringsplanane som vert oppheva får reguleringsføremåla og føresegne vidareført i det nye planforslaget slik at ein får ein samla plan for heile området.

## Vedlegg

- 1 Planomtale
- 2 Reguleringsføresegner
- 3 Plankart
- 4 Sikkerhetsrapport frå Shell til  
DSB

**Særutskrift:** Etter adresseliste

### Bakgrunn:

Reguleringsplan for Ormen Lange gassbehandlingsanlegg vart vedteken den 31.03.2004. I september 2016 vart kommunen kontakta av representantar for Norske Shell AS på Nyhamna. Det vart lagt fram ønske om å gjere endringar på fire område innanfor gjeldande reguleringsplan slik at desse områda vert i samsvar med reell bruk, og tidlegare vedtekne dispensasjonar. ÅF Solid Engineering var engasjert av tiltakshavar for å utarbeide eit planforslag. I oppstartsmøtet den 05.09.2016 peika kommunen på at når det likevel skal utarbeidast eit planforslag, kunne ein vurdere å slå saman dei gjeldande reguleringsplanane i området slik at ein får ein samla plan for heile området, noko som både tiltakshavar og plankonsulent støtta. Planforslaget vart handsama som ei ordinær reguleringsendring med planprosess som for utarbeiding av ein ny plan.

### Nærare beskriving av dei ønska endringane:

- 1) Dei to eksisterande reguleringsplanane innanfor området, reguleringsplan Ormen Lange gassbehandlingsanlegg (vedteken 31.03.2004), og reguleringsplan Ormen Lange forlegn. og admomr., mindre vesentlege endringar 01 (vedteken 01.10.2008) vert slått saman til ein samla plan over området. Planane får i hovudsak vidareført reguleringsføremåla sine, men vert tilpassa ny plan- og bygningslov (PBL 2008).
- 2) Delar av området Håneset (anleggsveg) og eit område ved Midtre Steghaugen (massedeponi) vert begge regulert til industriføremål tilsvarannde området rundt. Dette er i samsvar med vidareføring av dispensasjonar som er gjevne for begge disse områda.
- 3) Tidlegare forlegningsområde vert regulert til hotell/overnattning (SOSI-kode 1320).
- 4) Den gamle kvalstasjonen vert omregulert frå industriføremål til vern av kulturminner og kulturmiljø (SOSI-kode 5600).

## **Utgreiing:**

Oppstartsmøte mellom kommunen, tiltakshavar Norske Shell AS, og plankonsulent ÅF Solid Engineering vart halde på kommunehuset på Gossen den 05.09.2016.

Den 20.10.2016 vart det halde eit møte mellom plankonsulent og Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette blei gjort i samråd med kommunen for å avdekke moglege interessekonfliktar knytt til kulturminne innanfor planområdet. I etterkant av møtet vart det sendt ut eit brev med oppsummering frå møtet, merknadane i brevet er tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget (brevet i si heilheit ligg som vedlegg til saka).

Det blei varsla oppstart av planarbeidet 24.04.2017. Frist for innspel vart sett til 23.05.2017, og det kom inn 2 merknader. I planomtalen under punkt 6.2 (oppsummering – merknader til oppstart), er disse kort refererte og kommenterte av plankonsulenten.

Drift og arealutvalet vedtok i møte den 25.10.2017, sak 26/17, å legge planforslaget ut til 1. offentlege høyring. Planforslaget vart lagt ut til 1. offentlege høyring i perioda 01.11.2017 – 15.12.2017. Det kom inn totalt tre merknader, nedanfor er disse kort referert og kommentert av kommunen sin sakhandsamar (merknadane i si heilheit ligg som vedlegg til saka):

### **1) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 20.11.2017**

Statens vegvesen har ikkje merknadar til dei føreslegne endringane, men bemerker at byggegrensa langs offentleg veg på 15 meter syns noko liten, jf. reguleringsføreseggnene § 2.1.1.1. Med omsyn til vegens framtidige arealbehov og trafikkstøy ber dei om at byggegrensa innanfor arealet regulert til hotell/overnatting vert auka til 30 meter frå senterlinja til fylkesveg 220 og kommunal veg.

#### Kommentar

*§ 2.1.1.1 i reguleringsføreseggnene er endra slik at byggegrensa langs offentleg veg no er 30 meter, byggegrensa er og vist på plankart revidert 28.05.2018. Merknaden kan med dette sjåast på som innfridd.*

### **2) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 15.12.2017**

#### *Planfaglege merknader*

Plankartet ser ut til å mangle omsynssoner for freda kulturminne og støysoner, i alle fall manglar desse i teiknforklaring slik at det er vanskeleg å orientere seg i dei ulike sonene i plankartet. Føreseggnene er tilsvarande ikkje fullt ut i samsvar med plankartet, og brukar omgrep som spesialområde og vegetasjonssone som ikkje går igjen i plankart. Omvendt er nedslagsfelt drikkevatn på plankartet ikkje omtalt i føreseggnene. Plandokumenta må reviderast slik at dei blir eintydige i høve til kva omsyn som gjeld, og kva føresegner som er knytt til desse, og Møre og Romsdal fylkeskommune har motsegn til planforslaget inntil dette er gjort.

#### *Automatisk freda kulturminne*

Automatisk freda kulturminne innanfor planområdet skal kartfestast i plankartet, og ha tilhøyrande føresegner som ivaretak dei kulturhistoriske verdiane. Omsynssone D (sosi-kode H730) er sjølve kulturminnet med fem meters sikringssone. Omsynssone C (sosi-kode H570) er ei verneson rundt kulturminnet med ei utstrekning som er bestemt av Møre og Romsdal fylkeskommune. I dette tilfellet skal dei vernesonene som omfattar kulturminne i gjeldande planar vidareførast. Det må utformast nye føresegner for omsynssone C og D, jf. forslag til føresegner i merknaden. Eventuell dispensasjon frå føreseggnene må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunen kan ikkje eigengodkjenne reguleringsplanen før omsynssoner og føresegner er innarbeidd.

#### *Kulturminne frå nyare tid*

Etter Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering vil reguleringsføremål «særlege landskapsomsyn» utan verneføresegner ikkje gje tydlege nok føringar for forvaltning av Nyhamna kvalstasjon.

Kvalstasjonen må regulerast til «vern av kulturminne eller kulturmiljø» (sosi-kode 5600). Det bes vidare om at eksisterande § 7.1 i reguleringsføreseggnene får tittelen endra til «automatisk freda kulturminne», og at ein utformar ein ny § 7.2 «kulturminne nyare tid, Kvalstasjonen» med tilhøyrande føresegner, jf. forslag til føresegner i merknaden.

Kommentar:

Forslag om endringar av føreseggnene er tatt med.

*Automatisk freda kulturminne*

*Dei automatisk freda kulturminna i planområdet er henta frå Riksantikvaren si teneste Askeladden, og er vist i plankartet med omsynssone D (sosi-kode H730). Vernesonene frå gjeldande reguleringsplan er vidareført som omsynssone C (sosi-kode H570). Det er vidare utarbeidd ny tekst for omsynssone C og D som tilrådd i merknaden, jf. reguleringsføreseggnene sin § 7.2, avsnitt 2 og 3.*

*Kulturminne frå nyare tid*

*Kvalstasjonen har fått endra reguleringsføremål til «vern av kulturminne eller kulturmiljø» (sosi-kode 5600) som tilrådd i merknaden, og det er samstundes utarbeidd ein ny tekst i reguleringsføreseggnene sin § 7.3. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.*

**3) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 19.12.2017 (fekk utsett frist)**

*Natur- og miljøvern*

Det kan sjå ut som plankartet manglar omsynssone for støy. Plankart, teiknforklaring og reguleringsføresegner må bli samstemte for dette temaet.

*Samfunnstryggleik*

I den forenkla Ros-analysa er det kryssa av for at det er risiko knytt til havnivåstigning og storulykkeverksemd utan at dette er vidare omtalt i saka. Inntil det føreligg vurderingar rundt desse temaene, har fylkesmannen i Møre og Romsdal motsegn til planforslaget.

Kommentar

*Omsynssone for støy ligg i plankartet og er samanfallande med Vegetasjonsona nemnd i føreseggnene § 5.1.*

*Det er tatt inn ei begrensing i føreseggnene om at oppføring av bygg må bli gjort med lavaste grunnflate på kote 3.*

*DSB er kontakta for å avdekke korleis omsynet til Storulykkevirksomheter skal handteres. DSB sendte ein sikkerhetsrapport for anlegget på Nyhamna som var utarbeidd av Shell i 2016. Sikkerhetsrapporten er under revisjon, men Shell har bekrefта i epost at rapporten frå 2016 kan nyttas som grunnlag for behandlinga. Alle sikringssonar som er kravd tatt i vare i plansamanheng ligg innafor den hensynsona for brann- og eksplosjonsvern (H\_350) som ligg i plankartet. Ein kvar byggesak innafor dette området er dermed underlagt dei restriksjonane som gjeld.*

Melding frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om omgjering av vedtaket gjort av kommunestyret

Aukra kommunestyre vedtok i møte den 19.06.2018, sak 37/18, å eigengodkjenne reguleringsplanen for Nyhamna gassanlegg. I brev datert 09.07.2018 varslar fylkesmannen i Møre og Romsdal at Aukra kommunestyre sitt vedtak om å eigenkjenne reguleringsplanen blir vurdert overprøvd med heimel i forvaltningslova § 35, 2. ledd, då motsegnene ved eigengodkjenninga fortsatt ikkje var tilstrekkeleg avklarte.

Ein rettsleg følgje av at motsegn er reist frå regional eller statleg råka mynde, er at kommunen ikkje har mynde til å treffe endeleg vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan før motsegnene er

tilstrekkeleg avklarte og formelt trekte, jf. plan og bygningslova § 12-13, og §§ 5-5 og 5-6. Manglande mynde til å eigengodkjenne reguleringsplan er ein ugyldigheitsgrunn.

Kommunen har i samråd med fylkesmannen i Møre og Romsdal, direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) og Shell kome fram til ei løysing for å svare ut motsegnene slik at reguleringsplanen kan få eit endeleg vedtak. Saka som no vert lagt fram skal sikre at reguleringsplanen får eit juridisk bindande vedtak i tråd med plan- og bygningslova.

**Konklusjon:**

Innkomne motsegner etter 1. offentlege høyring er no tilstrekkelig avklarte i samråd med fylkesmannen i Møre og Romsdal, direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) og Shell, reguleringsplanen vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.

**Administrative og økonomiske konsekvensar:**

Det tilkjem nokre kostnader knytt til ny varsling av planvedtak, utover dette dekkjer gebyret for reguleringsendring utgiftene til kommunen.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Gerd Nerbø  
Teknisk sjef

Rett utskrift 11.10.18

Anita Raknes Otterlei  
Formannskapssekr.